



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
pb 103
5649 EIKELANDSOSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1184 - 14/3939

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

14.04.2014

Byggesak Gbnr 74/55 Olsvollstranda - lagerhall - mellombels svar

Me viser til vårt utgåande brev datert 24.01.2014, der me opphevar pålegg om stogg i arbeida og gjer merksam på at me har motteke søknad om endring av ansvarsrett for grunnarbeida frå Entreprenør Magnar Sivertsen AS til Petersen Maskin.

Vidare skriv me at før denne søknaden kan handsamast må det sendast inn oppdatert gjennomføringsplan som syner at Entreprenør Magnar Sivertsen AS har avslutta arbeida innan sitt ansvarsområde grunnarbeid og det må leggjast fram samsvarserklæring for det arbeidet som er utført.

Ny ansvarsrett for Petersen Maskin vil gjelde frå den dato Radøy kommune fattar nytt vedtak i saka.

Byggesaksmynde i Radøy kommune kan ikkje sjå å ha motteke oppdatert gjennomføringsplan og samsvarserklæring. Radøy kommune er kjent med at det vert utført arbeid på eigedomen og vurderer dette som i tilhøve som er strid med plan- og bygningslova.

Me ber dykk straks om å få sendt inn manglande dokumentasjon, slik at me kan få handsama søknaden dykkar.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Åge Petersen

Mottakere:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal pb 103
AS

5649

EIKELANDSOSEN